

Sunnfjord vassområde

MØTE I SUNNFJORD VASSOMRÅDEUTVAL

REFERAT

Tysdag 3. oktober 2017 kl 17:30 – 18:00

Stad: Scandic Sunnfjord hotell, Førde

Frammøtte:


Gunnar Osland, Askvoll, politisk medlem
Mathias Råheim, Gaular, politisk medlem, utvalsleiar
Jacob Andre Sandal, Jølster, politisk medlem
Johannes Folkestad, Askvoll og Fjaler, adm
Solfrid Trå, Jølster, adm
Kaja Standal Moen, Flora, adm
Magne Reidar Førde, Førde, adm
Arne Stig Sortevik, Naustdal, adm
Stein W. Johansen, NVE
Staffan Hjohlman, prosjektleiar Sunnfjord vassområde

Forfall:

Peter Schönen, Fjaler, politisk medlem – vara Nina Yndesdal innkalt 22.09, møtte ikkje
Jan Arve Midtbø, Flora, politisk medlem – vara Solveig Willis også meldt forfall
Ove Varlid, Førde, politisk medlem – ikkje meldt forfall, vara ikkje innkalt
Steinar Kvame, Naustdal, politisk medlem – ikkje meldt forfall, vara ikkje innkalt
Truls Folkestad, Naustdal, adm – ikkje meldt forfall

Innkalling:

Berre representantane frå kommunane vart kalt inn, men møtet var ope for alle interesserte.
Saksliste med vedlegg vart sendt til dei innkalte med epost 28.09.2017.
Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste.



SAKER

Sak 1-2017 Årsmelding 2016

Prosjektlear oppsummerte årsmeldinga, som var sendt dei innkalte 28.09.2017.

Sak 1-2017 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner årsmeldinga for 2016

VASSOMRÅDEUTVALET 03.10.2017

Sak 1.2017 VEDTAK

Prosjektlear sitt framlegg vart samrøystes vedtatt.

Sak 2-2017 Aktivitetsplan 2017

Aktivitetsplan 2017 for Sunnfjord vassområde vart oppsummert av prosjektlear. Aktivitetsplanen vart sendt dei innkalte 28.09.2017.

Sak 2-2017 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner aktivitetsplan 2017 for Sunnfjord vassområde

VASSOMRÅDEUTVALET 03.10.2017

Sak 2-2017 VEDTAK

Prosjektlear sitt framlegg vart samrøystes vedtatt.

Sak 3-2017 Rekneskap og budsjett

Førebels rekneskap viser at inntektene samsvarer med budsjettet i prosjektplanen for 2016 – 2021. Fylkesmannen bidrog i 2016 med 100 000 kr til kunnskapsinnhenting og utgreiing av tiltak for å få tilbake sjøaure i Storevatnet i Florø, etter søknad frå vassområdet. Desse midlane kom i slutten av året og vart difor overført til 2017.

I budsjettet for 2016, som vart vedtatt av Sunnfjord vassområdeutval 11.03.2016, sak 4-2016, var det sett av midlar til konsulenttenester med kunnskapsinnhenting om fysiske endringar i elvar (500 000 kr) og vegkulvertar som vandringshinder for fisk (300 000 kr). Midlane vart henta frå fond med overskot frå tidlegare år. Desse prosjekta vart ikkje sett i gang i 2016 og midlane er difor lagt inn på budsjettet for 2017.

Førebels rekneskap viser at utgifter til prosjektleiing, møter/reiser/kurs og vassanalysar/overvaking ligg innanfor budsjettet. Rekneskapen syner eit overskot i 2016 på



Sunnfjord vassområde

ca. 231 000 kr (beløpet er ikkje endeleg stadfesta). Overskotet er overført til fond, og øyremarka til vassforvaltning i Sunnfjord vassområde.

Førebels rekneskap og budsjett for Sunnfjord vassområdeutval 2016-2017

per 19.09.2017

	2016 Budsjett	2016 Rekneskap	2017 Budsjett
UTGIFTER			
Prosjektleiing	430 000	361 055	430 000
Møter, reiser, kurs	70 000	61 203	70 000
Vassanalysar, overvaking	300 000	171 049	300 000
Konsulenttenester	800 000	0	800 000
Konsulenttenester (Storevatnet)			100 000
INNTEKTER			
Midlar frå kommunar	-367 236	-400 000	-367 236
Fylkeskommunale midlar	-400 000	-325 000	-400 000
Statlege midlar (Storevatnet)		-100 000	
RESULTAT			
Avsetning(-)/bruk(+) fond	832 764	-231 694	932 764
Saldo pr 01.01.	2 326 236	2 326 236	2 557 930
Saldo pr 31.12.	1 493 472	2 557 930	1 625 166

Merknad til budsjetterte midlar frå kommunane 2016 og 2017: Når Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2015 overtok administreringa av vassområdet frå tidlegare vertskommune, Førde kommune, vart vassområdet sine restmidlar overført frå kommunen. Det vart då overført 32 764 kr for mykje. For å rette opp dette, er beløpet trekt ifrå inntektene frå Førde kommune i budsjettet for 2016. Dette vart ikkje gjort, og fråtrekket er difor ført opp igjen i budsjett for 2017.

Sak 3-2017 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet tar rekneskapen for 2016 til vitande.

Vassområdeutvalet godkjenner budsjettet for 2017.

VASSOMRÅDEUTVALET 03.10.2017

Sak 3-2017 VEDTAK

Prosjektlear sitt framlegg vart samrøystes vedtatt, med følgjande merknad:

Prosjektlear skal legge fram endeleg rekneskap på seinare møte i vassområdeutvalet. Det endelege rekneskapet skal vere revidert etter gjeldande reglar. Rekneskap 2017 vert å behandle i vassområdeutvalet mars-april 2018 saman med budsjett 2018.

Vedlegg:

Årsmelding 2016 for Sunnfjord vassområdeutval, Aktivitetsplan 2016, Aktivitetsplan 2017

Møte i Sunnfjord vassområdeutval 3. oktober 2017 - Referat

Side 3 (av 3)